



Flott avslutning med fellesorkesteret som spela Bjelleklang.

Mandag kveld var det ein flott konsert med ein del av dei som er elevar på strykeinstrument i kulturskulen. Det var dei yngste gruppene, Orkester 1 og Orkester 2 som hadde konsert. Den var i den fine konsertsalen i kulturskulebygget, og amfiat var fullsett.



Orkester 1 opptredde for første gong og kom flott i frå det.

Elevane på strykeinstrument i kulturskulen er delt i 3 orkester etter kor lenge dei har vore elevar. Elevane får individuell undervisning ein gong i veka og undervisning i lag med sitt orkester annakvar veke. Det er 8 frå Uskedalen i dei to yngste orkester, orkester 1 og 2. Dei får den individuelle undervisninga i Uskedalen medan orkesterundervisninga er i kulturskulebygget på Husnes. Det er Olena Pasichnyk og Kjell Skarsfjord som er lærarar.

På konserten debuterte Orkester 1. Dei opna konserten og spelte 'Lille Postbud' og 'Klokka tikkar'. Kjempeflott debut.

Etter dette var det klart for musikarane i Orkester 2. Dei spela først kvar sitt solostykke før dei spela 'Jamaican lullabies' i saman som orkester. Konserten vart avslutta med at alle var med i eit fellesorkester og spela 'Bjelleklang'. Eit høgdepunkt! I tillegg til dei to lærarane var også Eli Haugan med på konserten. Ho akkompagnerte på flygel.

Det var ei flott konsertstund, og blant publikum var det mange stolte foreldre, besteforeldre, søsken og andre.



Uskedelingar som var med på konserten: Mina 3.kl, Dagny 3.kl, Nikolai 5.kl, Kaylah 1.kl, Anna Elisabeth 5.kl, Astrid 1.kl, Deimante 4.kl
(Joa 3.kl spelar også strykeinstrument)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strüter.